

# Sesongstart i nyvaska badstove på Bruflat


No er badstova på Bruflat rein. Skikkeleg rundvask vart unnagjort ein munter ettermiddag forrige veke. Sesongen for badstovebading er dermed i gang. Juletreffesten er no det neste store å sjå fram til. Presseomtale er det nestbeste, altså etter badstovebading.

— No er alle daude kvefsar borte, flirer Bente Haglund midt i storvasken.

— Alle museir er vekk, hujar Aage Øverli frå ein krok. Han er visst formann for laget av dei badande, men det må presiserast at det ikkje var han som tipsa avisa.

— Gjorde mooor miii det, hylar nemlig Aaslaug Robøle når sanninga må fram. Det skjer like etter at lyset kjem att. Når sikringa går, går òg pågangsmotet sjølv for ivrige vaskedamer. Men Aage ordnar opp. Juletrelysa får ligge. Når julehelga nærmar seg, blir dei sett opp att på julegrana slik at den tradisjonelle gangen kan skje. Oppslag, diskret plasserte på dører ein *må* gå gjennom, fortel om dugeleg pressedekning før om åra. Dei er litt sære slik.

— Det var ho som fann på at det måtte vaskast, seier Aage med det som kan oppfattast som ein anklagande peikefinger mot unge Aaslaug. Bente og Aaslaug hylar av latter til svar. Nærare etterforsking syner at det er rett påstand. Aaslaug tilhøyrer den klanen av unge menneske på Bruflat som har fått badstovemiljøet inn tidleg, og som meir enn gjerne tek på seg ansvaret for oppfyringa kvar laurdag. Både sysken og syskenbarn har hatt dette ærefulle vervet. No er Aaslaug heime på haustferie frå Bergens-kanten der ho slit ein folkehøgskulepult. Overdraging av fyrbøtervervet lyt skje i verdige former. Bente Haglund skal overta. Doen er vaska. Vedhaugen er sikra for vinteren. Lengselen til eit skikkeleg badstovebad er komen hjå mange i Bruflat krets. Men dei har plass til fleire, enten det er på damelaget eller karagrupper seinare



*EKS-FYRBØTAR I BRUFLAT BADSTOVE, Aaslaug Robøle (til venstre), er heimkomen frå Bergens-kanten for å få vaska og stelt til for sesongen, der Bente Haglund (til høgre) skal overta fyrbøtarjobben. Formann for dei badstoveglade etnedølene er Aage Øverli, her i ferd med å vise rett ileggingsmetode når ein «fyrar med ved».*

om laurdagseftan. Alle årgangar er representerte.

— Vi har hatt med ungar frå to-tre år opp til over 90, let det hult frå eit bakrom, der forman-

nen driv diskret PR. Kjedeleg er det i alle fall ikkje i Bruflat badstove, og så reint som det er, og så rein som ein *blir* der!

Ingun